

## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** Torsdag 23.09.2021  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** **Wenche**

Forfall må meldast til kyrkjeverje: kyrkja@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Jostein Skram og Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 17.09.2021

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Jan Overweg  
kyrkjeverje

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/50	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/51	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 26.08.2021	x
2021/52		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	
2021/53		Budsjett 2022	x
2021/54		Oppnemning av styret for Bakken barnehage	x
2021/55		Høyring om ny kyrkjeleg organisering – plan for gjennomføring	x
2021/56		Meldingar / open post	

### Sak 2021/50 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister godkjent

### Sak 2021/51 012.1 Referat frå sist møte

#### Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 26. august 2021.

### Sak 2021/52 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje legg fram ei orientering om arbeidet i soknet.

#### Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

### Sak 2021/53 Budsjett 2022

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2022. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev. Rådmannen lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2022 som skal leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I rådmannen sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske handsaminga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2022, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2020 og 2021, og kva stillingar me har i 2022.

|

Stilling	2022	2021	2020	Merknad
Kyrkjeverje	0,35	0,35	0,35	
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydspedagog	0,80	0,80	0,80	
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,50	Delvis vakanse i 2020
Vaktmeister/reinholdar	0,30	0,30	0,20	
Kontorarbeidar og administrativ ressurs for prestetenesta	0,40	0,40	0,40	Delvis vakanse i 2020
<b>Sum</b>	<b>3,00</b>	<b>3,00</b>	<b>2,90</b>	
Klokkar på gudstenestene	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid

Nedanfor er det kommentarar til ein del postar som rådet bør merka seg:

1. Møtegodtgjersle for soknerådet er budsjettert med kr. 40.000 og uforandra.
2. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen har vore uendra i mange år. Me legg opp til å auka satsane slik:

Tjeneste	Sats kr.	Frå 2022:
Feste av 1 grav i 1 år	200	250
Feste av 1 grav i 10 år	2000	2500
Feste - Reservering av grav	4000	4000
Gravlegging av utanbygds buande	7000	8000
Seremoni utanbygdes person	3000	4000
Seremoni ikkje medlem	3000	4000
Gravlegging utanbygds, urne	3000	4000
Reservering av grav	4000	4000
Gravstell på Fitjar kyrkjegard	1100	1300
Mosekrans på grav	350	400
Vårplanting på grav	400	500
Sommarplanting på grav	350	400
Konfirmant eigenbetaling vårsemester	1000	1000
Konfirmant eigenbetaling haustsemester	1000	1000
Annonse i Fitjar kyrkjeblad	1500	1500

3. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønsmidlar til 65% kontor, 10% kyrkjetenar/reinholdar og 20 % kyrkjetenar/vaktmeister. Elles er det lagt inn ressursar til utvendig maling og vedlikehald med kr. 50.000.

4. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 310.000,-. Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. For å få fullfinansiert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om kr. 45.000,- i gåver til dette arbeidet.

Fleire detaljar om budsjettet vil verta gjennomgått på møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Kyrkjeverje sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:

- 1.
- 2.
- 3.

#### **Sak 2021/54 Oppnemning av styret for Bakken barnehage**

Soknerådet handsama val av styret for Bakken barnehage i møtet 26.08.2021 – sak 2021/48. Arbeidsutvalet kjem med forslag til foreldrerepresentant. Endeleg innstilling frå AU vert ettersendt.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet oppnemner desse til styret for Bakken barnehage:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

#### **Sak 2021/55 Høyring om ny kyrkjeleg organisering – plan for gjennomføring**

Soknerådet bør etter informasjonsmøtet på Stord 21.09.2021 drøfta vegen vidare for å koma i mål med ei høyringsuttale. Frist for levering er 01.12.2021.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

#### **Sak 2021/56 Meldingar / open post**

- Kontormedarbeidar Elisabeth Søndenaå Oma går ut i morspermisjon 15. oktober. I permisjonstida vert Brit Kannelønning Olsen tilsett som vikar i 40% stilling. Brit er busett på Stord, og har frå før 60% stilling som kontormedarbeidar på kyrkjekontoret i Sveio.
- Ekstra møte Fitjar sokneråd 04.11.2021.
- Korte orienteringar frå nemnd og utval

|